

**KOMMISJONSVEDTAK****2001/EØS/31/20****av 16. desember 1999****om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til kjøleskap(\*)***[meldt under nummeret K(1999) 4522]***(2000/40/EF)**KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA  
HAR –med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske  
fellesskapet,med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 880/92 av 23. mars  
1992 om en fellesskapsordning for tildeling av miljømerke<sup>(1)</sup>,  
særleg artikkel 5 nr. 1 andre leddet, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Etter artikkel 5 nr. 1 første leddet i forordning (EØF)  
nr. 880/92 skal vilkåra for tildeling av fellesskapsmiljø-  
merket fastsetjast for kvar produktgruppe.
- 2) I artikkel 10 nr. 2 i forordning (EØF) nr. 880/92 er det  
fastsett at den innverknaden som eit produkt har på miljøet,  
skal vurderast ut frå dei særskilde kriteria for produkt-  
gruppene.
- 3) Det bør utarbeidast kriterium som inneheld prøvings-  
metodar for og klassifisering av energiforbruk som er i  
samsvar med kommisjonsdirektiv 94/2/EF av 21. januar  
1994 om nærme regler for gjennomføringen av råds-  
direktiv 92/75/EØF med hensyn til energimerking av  
kjøleskap, fryser og kombinasjonar av slike<sup>(2)</sup>, og  
dessutan bør krava til energiforbruk tilpassast teknologiske  
nyvinningar og marknadsutviklinga.
- 4) Kommisjonen fastsette ved vedtak 96/703/EF<sup>(3)</sup> miljø-  
kriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til  
kjøleskap som etter artikkel 3 i vedtaket slutta å gjelde  
27. november 1999.
- 5) For at produsentar og importørar av kjøleskap skal kunne  
ta del i fellesskapsordninga for tildeling av miljømerke, bør  
det gjerast eit nytt vedtak der det vert fastsett miljø-  
kriterium for denne produktgruppa.
- 6) I samsvar med artikkel 6 i forordning (EØF) nr. 880/92 har  
Kommisjonen rådspurt dei viktigaste interessegruppene i  
eit samrådsforum.

- 7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar  
med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av  
artikkel 7 i forordning (EØF) nr. 880/92 –

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*Produktgruppa «kjøleskap» (heretter kalla «produktgruppa»)  
vert definert på følgjande måte:Nettdrivne elektriske kjøleskap, frysenskap, fryseboksar og  
kombinasjonar av slike til hushaldsbruk.Dette vedtaket omfattar ikkje apparat som òg kan drivast med  
andre energikjelder, t.d. batteri.*Artikkel 2*Innverknaden som produktgruppa har på miljøet, og dugleiken  
hennar skal vurderast ut frå dei særskilde miljøkriteria som er  
førde opp i vedlegget.*Artikkel 3*Definisjonen av og kriteria for produktgruppa skal gjelde frå  
den dagen det vert gjeve melding om dette vedtaket, til  
1. desember 2002. Dersom det 1. desember 2002 ikkje er gjort  
noko nytt vedtak om definisjonen av og kriteria for denne  
produktgruppa, skal dette vedtaket gjelde anten inntil  
1. desember 2003 eller inntil den dagen då det nye vedtaket  
vert vedteke, alt etter kva tidspunkt som kjem først.*Artikkel 4*For administrative føremål vert produktgruppa tildelt  
kodennummeret «012».*Artikkel 5*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatene.

Utfærd i Brussel, 16. desember 1999.

*For Kommisjonen*

Margot WALLSTRÖM

*Medlem av Kommisjonen*(\*) Denne fellesskapsrettsakta, kunngjort i TEF L 13 av 19.1.1999, s. 22, er  
nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 61/2000 av 28. juni 2000 om endring  
av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei  
europeiske fellesskapa nr. 42 av 21.9.2000, s. 17.<sup>(1)</sup> TEF L 99 av 11.4.1992, s. 1.<sup>(2)</sup> TEF L 45 av 17.2.1994, s. 1.<sup>(3)</sup> TEF L 323 av 13.12.1996, s. 34.

## VEDLEGG

## MILJØKRITERIUM

## MÅLSETJING

For at eit apparat skal kunne tildelast miljømerket, må det stette kriteria i dette vedlegget, som skal føre til

- mindre skade på eller fare for miljøet som følgje av energiforbruk (global oppvarming, forsuring, utarming av ressursar som ikkje kan fornyast) ved at energiforbruket vert lågare,
- mindre skade på eller fare for miljøet som følgje av bruk av stoff som kan bryte ned ozonlaget, ved at bruken av slike stoff vert mindre,
- mindre skade på eller fare for miljøet som følgje av bruk av stoff som kan føre til global oppvarming.

Kriteria skal òg fremje best mogleg bruk (så miljøvenleg bruk som mogleg) og gjere forbrukarane meir medvitne om vern av miljøet.

Dessutan skal attvinning av apparata fremjast ved at plastkomponentar vert merkte.

Dei ansvarlege organa vert rådde til å ta omsyn til gjennomføringa av godkjende miljøforvaltingsordningar, t.d. EMAS eller ISO 14001, når dei vurderer søknader og fører tilsyn med at kriteria i dette vedlegget vert stetta. (NB: Det er ikkje påkravd å gjennomføre slike forvaltingsordningar).

## HOVUDKRITERIUM

## 1. Spare energi

Apparatet skal ha ein energieffektivitetsindeks på mindre enn 42 %, slik det er definert i vedlegg V til direktiv 94/2/EF<sup>(1)</sup>, ved bruk av den same prøvingsmetoden EN 153 og den same inndelinga i ti kategoriar.

*Søkjaren skal leggje fram ein kopi av det tekniske dokumentasjonsmaterialet som er nemnt i artikkel 2 nr. 1 i kommisjonsdirektiv 94/2/EF. Dette dokumentasjonsmaterialet skal innehalde rapportar frå minst tre målingar av energiforbruk som er gjorde i samsvar med EN 153. Det aritmetiske gjennomsnittet av desse målingane skal vere mindre enn eller lik det førnemnde kravet. Verdien som er førd opp på energiforbruksetiketten, skal ikkje vere mindre enn denne gjennomsnittsverdien, og energi-effektivitetsklassen som er førd opp på energiforbruksetiketten, skal svare til gjennomsnittsverdien.*

*Ved kontroll, som ikkje er påkravd i samband med søknaden, skal dei ansvarlege organa nytte dei toleransane og kontrollframgangsmåtane som er fastsette i EN 153.*

## 2. Minske ozonnedbrytingspotensialet (ODP) til kjølemiddel og skumdannarar

Kjølemidla i kjølekrinsløpet og skumdannarar som vert nytta til isolering av apparatet, skal ha eit ozonnedbrytingspotensial som er lik null.

*Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava. Søkjaren og/eller leverandøren eller leverandørane til søkjaren skal eventuelt melde frå til det ansvarlege organet som vurderer søknaden, om kva kjølemiddel og skumdannarar som er nytta, og om ozonnedbrytingspotensialet deira.*

## 3. Minske potensialet for global oppvarming (GWP) til kjølemiddel og skumdannarar

Kjølemidla i kjølekrinsløpet og skumdannarar som vert nytta til isolering av apparatet, skal ha eit potensial for global oppvarming som er lik eller mindre enn 15 (rekna i CO<sub>2</sub>-ekvivalentar over eit tidsrom på 100 år).

*Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava. Søkjaren og/eller leverandøren eller leverandørane til søkjaren skal eventuelt melde frå til det ansvarlege organet som vurderer søknaden, om kva kjølemiddel og skumdannarar som er nytta, og om potensialet deira for global oppvarming.*

## TILLEGGSKRITERIUM

## 4. Levetid

Produsenten skal garantere at apparatet verkar i minst tre år. Garantien skal gjelde frå den datoen då apparatet vert levert til kunden.

<sup>(1)</sup> TEF L 45 av 17.2.1994, s. 1.

Det skal garanterast at kompatible reservedelar og service er tilgjengelege i tolv år rekna frå det tidspunktet då produksjonen tek slutt.

*Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava.*

##### 5. Tilbakelevering og attvinning

Produsenten skal utan vederlag tilby å ta tilbake med sikte på attvinning kjøleskapet og komponentar som vert bytte ut, bortsett frå i tilfelle der dei er vortne kontaminerte av brukarane (t.d. i medisinsk eller nukleær verksemd).

Kjøleskapet skal dessutan stette følgjande kriterium:

1. Produsenten skal syte for at kjøleskapet kan demonterast, og levere ein demonteringsrapport. Rapporten skal m.a. stadfeste at
  - koplingane er lette å finne og tilgjengelege,
  - dei elektroniske einingane er lette å finne og demontere,
  - apparatet er lett å demontere ved hjelp av vanleg verktøy,
  - materiale som ikkje høver saman og er farlege, skal kunne skiljast frå kvarandre.
2. Plastdelar som veg meir enn 50 g, skal ha varig merking som syner kva materiale dei er framstilte av, i samsvar med standarden ISO 11469. Dette kriteriet gjeld ikkje for ekstruderte plastdelar.
3. Plastdelar som veg meir enn 25 g, skal ikkje innehalde følgjande flammehemmande middel:

Namn	CAS-nr.
Dekabromdifenylyl	13654-09-6
Monobromdifenyleter	101-55-3
Dibromdifenyleter	2050-47-7
Tribromdifenyleter	49690-94-0
Tetrabromdifenyleter	40088-47-9
Pentabromdifenyleter	32534-81-9
Heksabromdifenyleter	36483-60-0
Heptabromdifenyleter	68928-80-3
Oktabromdifenyleter	32536-52-0
Nonabromdifenyleter	63936-56-1
Dekabromdifenyleter	1163-19-5
Klorparafin med kjedelengde på 10-13 C-atom, klorinnhald > 50 vektprosent	85535-84-8

4. Plastdelar som veg meir enn 25 g, skal ikkje innehalde flammehemmande stoff eller preparat med stoff som er tildelte eller kan tildelast ei av risikoseiningane R45 (fare for kreft), R46 (fare for arvelege skadar), R50 (svært giftig for vassorganismar), R51 (giftig for vassorganismar), R52 (skadeleg for vassorganismar), R53 (kan føre til uønskte langtids-skadeverknader i vassmiljøet), R60 (kan skade forplantingsevna) eller R61 (fare for fosterskadar), eller kombinasjonar av risikoseiningar som inneheld nokon desse risikoseiningane slik dei er definerte i rådsdirektiv 67/548/EØF<sup>(1)</sup>, sist endra ved kommisjonsdirektiv 98/98/EF<sup>(2)</sup>.

Dette kravet gjeld ikkje for flammehemmande middel som ved bruk får endra dei kjemiske eigenskapane sine slik at dei ikkje lenger treng klassifiserast under nokon av risikoseiningane ovanfor, og der mindre enn 0,1 % av middelet i den delen som er handsama, har same form som før handsaminga.

5. For å lette ei mogleg framtidig attvinning skal det opplysast på apparatet, i nærleiken av eller på merkeplata, kva kjølemiddel og skumdannar som er nytta til isolering.

*Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava. Søkjaren skal syte for at det ansvarlege organet som vurderer søknaden, får ein kopi av demonteringsrapporten. Søkjaren og/eller leverandøren eller leverandørane til søkjaren skal oppgje til det ansvarlege organet kva kjølemiddel og skumdannarar som er nytta, og eventuelt kva flammehemmande middel som er nytta i eller på plastdelar som veg meir enn 25 g.*

<sup>(1)</sup> TEF L 196 av 16.8.1967, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEF L 355 av 30.12.1998, s. 1.

## 6. Bruksrettleiing

Apparatet skal seljast med ei bruksrettleiing som gjev råd om miljøvenleg bruk, særleg:

1. følgjande tekst på omslaget eller på første sida: «Bruksrettleiinga inneheld opplysningar om korleis innverknaden på miljøet kan gjerast minst mogleg»,
2. tilrådingar om best mogleg drift av apparatet med omsyn til energiforbruk, m.a.:
  - 2.1. retningslinjer for rett plassering eller installasjon av kjøleskapet, med oppgjevne minstemål for kor mykje fritt rom det skal vere rundt apparatet for å sikre god nok luftsirkulasjon, og opplysningar om at energiforbruket kan reduserast svært mykje dersom apparatet vert plassert i eit uoppvarma eller lite oppvarma område,
  - 2.2. råd om å unngå å plassere apparatet nær varmekjelder (omnar, radiatorar osv.) eller i direkte sollys; råd om å vurdere å isolere apparatet frå varmekjelder i vegger eller golv, der det er mogleg,
  - 2.3. råd om at termostaten bør innstillast etter romtemperaturen, og om at temperaturen difor bør kontrollerast ved hjelp av eit høveleg termometer (framgangsmåten bør forklarast),
  - 2.4. råd om at døra eller lokket ikkje bør opnast oftare og for lengre tid enn det som er naudsynt, særleg på fryseskap,
  - 2.5. råd om å avkjøle varme matvarer før dei vert plasserte i apparatet, fordi damp frå matvarene fører til isdanning på fordampingseininga, men òg om at avkjølingstida bør vere så kort som råd av omsyn til hygienien,
  - 2.6. råd om at fordampingseininga bør haldast fri for tjukke islag, og at hyppig avising gjer det lettare å fjerne islaget,
  - 2.7. råd om at tettingslista i døra bør byttast ut dersom ho er defekt,
  - 2.8. råd om å vente ei viss tid før apparatet vert tilkople att etter at det er vorte flytta,
  - 2.9. råd om at kondensatoren på baksida av apparatet og rommet under det bør haldast frie for støv og feitt,
  - 2.10. opplysningar om at dersom dei førnemnde tilrådingane ikkje vert følgde, kan det føre til høgare energiforbruk,
3. råd om at all skade på kondensatoren (varmevekslaren) på baksida av apparatet eller annan påverknad som kan føre kjølemiddelet i kontakt med miljøet, bør unngåast på grunn av mogleg miljørisiko og helsefare. Rettleiinga skal nemne uttrykkeleg at det ikkje må nyttast skarpe ting (knivar, skrujarn osv.) til å fjerne is, fordi dei kan skade fordampingseininga,
4. opplysningar om at apparatet inneheld væsker og er framstilt av delar og materiale som kan nyttast om att og/eller attvinnast,
5. råd om korleis forbrukaren kan nytte seg av ordninga med tilbakelevering til produsenten.

*Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava. Søkjaren skal syte for at det ansvarlege organet som vurderer søknaden, får ein kopi av bruksrettleiinga.*

## 7. Støygrense

Luftstøyen frå apparatet, rekna som lydeffekt, skal vere høgst 42 dB(A) (re 1pW).

Opplysningar om støynivået for apparatet skal gjevast på ein slik måte at dei er godt synlege for forbrukaren. Dette skal gjerast ved å ta med opplysningane på energiforbruksetiketten for kjøleskap.

Støynivået skal målast og opplysningar om støynivået gjevast i samsvar med rådsdirektiv 86/594/EØF<sup>(1)</sup> etter standarden EN 28960.

Dette kriteriet gjeld ikkje for «fryseboksar til hushaldsbruk» (kategori 9 i vedlegg IV til direktiv 94/2/EF).

*Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava.*

<sup>(1)</sup> TEF L 344 av 6.12.1986, s. 24.

**8. Forbrukarinformasjon**

Teksta nedanfor skal vere påførd slik at ho er godt synleg for forbrukarane (ved sida av etiketten dersom det er mogleg):

- Dette produktet stettar krava til tildeling av fellesskapsmiljømerket fordi det nyttar lite energi, ikkje skader ozonlaget og medverkar minst mogleg til drivhuseffekten.
-